

**Kva gjeld saka**

Landsmøtet handsamar innkomne framlegg.

**Saksutgreiing**

Det har kome inn fem framlegg. Eitt av framlegga går på program for språk i skulen, resten går på program for talemålet og nynorsken.

**Framlegg til vedtak**

*Landsmøtet handsamar dei innkomne framlegga.*

## Endringar i program for språk i skulen

Nr:	Program for språk i skulen 1		
Fremja av:	LST		
Linenummer/pa ragraf:	Line 97–103		
Framlegg:	Stryk linene om program for nynorsk i lærarutdanningane vert vedteke.		
LST-innstilling	STV		
Hjelpefelt:	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

## Endringar i program for talemålet og nynorsken

Nr:	Talemålet og nynorsken 1A		
Fremja av:	LST		
Linenummer/pa ragraf:	Line 75		
Framlegg:	<p>Nytt avsnitt:</p> <p><i>Kva ord og omgrep vi nyttar om språk og språkbruk, er òg med på å styre haldningane våre til dei språkelge fenomena. Ordet «målform» vert ofte nyttta om språka nynorsk og bokmål. Ordet ber i seg ei forståing frå samnorsktida – att nynorsk og bokmål er former av det same språket, og difor kan smelast saman til eit språk. Norsk Målungdom meiner at nynorsk og bokmål er to åtskilde språk som står på sine eigne bein, og meiner at det er ei vanvyrding av dei to språka å nytte omgrepet målform.</i></p>		
LST-innstilling	STV		
Hjelpefelt:	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	Talemålet og nynorsken 1B		
Fremja av:	SST		
Linenummer/pa ragraf:	Line 75		
Framlegg:	<p>Nytt avsnitt:</p> <p><i>Kva ord og omgrep vi nyttar om språk og språkbruk, er òg med på å styre haldningane våre til dei språkelge fenomena. Ordet «målform» vert ofte nyttta om språka nynorsk og bokmål. Ordet ber i seg ei forståing frå samnorsktida – att nynorsk og bokmål er former av det same språket, og difor kan smelast saman til eit språk. Norsk Målungdom meiner at nynorsk og bokmål er to åtskilde språk som står på sine eigne bein, og meiner at det er ei nedgradering av dei to språka å nytte omgrepet målform.</i></p>		
LST-innstilling	STA		
Hjelpefelt:	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	Talemålet og nynorsken 2 A		
Fremja av:	SST		
Linenummer/pa ragraf:	Line 75 (Potensielt etter framlegg 1)		
Framlegg:	<p>Nytt avsnitt:</p> <p><i>Det er òg lite dekkjande å kalla nokre måtar å skrive nynorsk på, for «konservativ» og andre for «radikal». Orda skriv seg frå normeringsordskifta på tidleg 1900-talet. Omgrepbruken vert uheldig av di dei kan bera i seg ei forståing av at måten du vel å skrive på er knytt til politisk ståstad. Norsk Målungdom meiner me må unngå ein omgrepbrukskifta som kan stigmatisere ulike språkval. I staden vil me oppmode folk til å skrive den nynorsken dei helst vil, og nytte seg av den store ordrikdomen som nynorsken har teke til seg frå dei norske dialektane.</i></p>		
LST-innstilling	STA		
Hjelpefelt:	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

<b>Nr:</b>	Talemålet og nynorsken 2 B		
<b>Fremja av:</b>	LST		
<b>Linenummer/ paragraf:</b>	75 etter framlegg 1		
<b>Framlegg:</b>	<i>Det er lite dekkjande å kalle nokre måtar å skrive nynorsk på, for til dømes «konservativ» eller «radikal». Norsk Målungsdom meiner me må unngå ein omgrep bruk som kan stigmatisere ulike språkval.</i>		
<b>LST-innstilling</b>	STV		
<b>Hjelpefelt</b>	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat: